

ORDSKIFTE

Gamle løgner i smart innpakking

Vestlege media som behandlar dei innfløkte forholda i det tidlegare Jugoslavia har som sine yndlingar dei såkalla «ikkjenasjonalistiske kreftene». Det er folk som er i opposisjon til Tudjmann og Izetbegowicz, men som elles er ekstremt lojale overfor eigne nasjonale mål. Dei opplysningane som desse personane kjem med, blir oppfatta som spesielt «objektive». Korfor det same ikkje gjeld for serbiske opposisjonelle, får vi aldri skikkeleg svar på. Grunnen er vel at vestlege media høyrer det dei likar å høre.

Eit klassisk eksempel er ein artikkel i Dagens Nyheter 24.11.96. Den handlar om «Balkans Auschwitz», Jasenovac i nåverande Kroatia, og er skriven av Slavenka Drakulic. Eit bilde over artikkelen viser serbiske soldatar som tok Jasenovac i 1992, og under står det at «då vandaliserade serberna minnesmonumentet vid Jasenovac».

Det går fram av artikkelen at det er «folk i byen» som seier dette. Men dei som nå bur i Jasenovac, er alle kroatar, som hatar serbarane og avskyr dette monumentet over sine landsmenns ugjerningar. Monumentet i Jasenovac er først og fremst eit **serbisk** nasjonalmonument. Einkvar serbar som forgrip seg på dette monumentet, vil bli oppfatta som forrædar, på linje med ein jøde som skjenda monumentet i Auschwitz. Dette er så enkel logikk at DN's redaksjon momentant burde forstått det absurde i denne påstanden. Dersom kjeldekritikken er like svak i

YTRING

andre saker hos DN's redaksjon, når kan vi da stole på avisa i det heile?

Drakulic kjem også med ei anna fascistisk løgn: At det berre vart myrda 60.000 i Jasenovac. Ho gjør denne absurde påstanden «truverdig» ved tilsynelatande å polemisere mot Tudjman og hans folk, som påstår at det berre vart drepe 30.000 i leiren.

Kva er så det riktige talet?

Serbiske nasjonalistar seier: Over ein million. Den internasjonalt anerkjente opposisjonelle Vladimir Dedijer, historieprofessor ved Harvard, seier **omkring 500.000**. Hans klassiske dokumentarverk om Jasenovac, «The Yugoslav Auschwitz and the Vatican», burde vere obligatorisk lesing for einkvar journalist som skal skrive eller redigere stoff om Balkan. (Prometheus 1988).

Dedijer fortel også at omkring 50.000 jødar og 17.000 sigøynarar vart myrda i leiren. Derfor har også representantar for desse folkegruppene rast mot den kroatiske «Jasenovac-Lüge», som likevel har fått stor framgang blant naive vestlege pressefolk. Slike som DN's redaksjon.

Vi veit også at den kroatiske offensiven mot Vest-Slavonia i 1995 tok sikte på å hindre ei serbisk-jødisk minnehøgtid i Jasenovac. Også dette har altså gått DN og andre vestlege media hus forbi. Les den tyske journalisten Mira Behams reportasjar om det!

Kan det tenkast at Slavenka Drakulic er i god tru overfor dei usanningane ho serverer?

På ingen måte. Ho har vakse opp i Titos Jugoslavia og gått på skole der. Og Jasenovac var ein like viktig del av historieundervisninga der som Auschwitz er i Israel. Derfor er usanningane heilt bevisste, og dei er smart innpakka i «antinasjonalistiske» frasar for å bli aksepterte av vestlege media og opinion.

Det har blitt ei mare i vestleg debatt at ein ikkje har lov til å snakke om serbisk historie utan å få stemplet «K-symp» (= K for Karadzic). Den kalde krigens metodar er på ny tatt i bruk, denne gongen også på venstresida. Resultatet av dette har blitt at Vesten blir proppa full av løgner og halvsanningar. Serbarane, også dei moderate blant dei, opplever veldig sterkt at Karadzic og hans folk er meir sannferdige enn Vesten når det gjeld serbisk fortid og nåtid. Den vestlege nyheitsformidlinga blir dermed indirekte ei hjelp for Karadzic mot dei meir moderate serbiske kreftene.

Det må gå an å ta avstand frå dei ugjerningane som serbarane utvilsamt har gjort, utan å servere den sausen av løgner og overdrivingar som i dag er gjengs kost i vestlege media, og som svært ofte har reine rasistiske overtonar.

Drakulic's reportasje i Dagens Nyheter er eit skoleeksempel på dette, «pent innpakka» i antinasjonal retorikk.

Hartvig Sætra,
Storslett